



Aukra Kommune



Midsund Kommune

Intensjonsavtale ny kommune – Aukra kommune – Midsund kommune

Aukra og Midsund kommune har som intensjon å slå seg saman når vegsambandet «Kjerringsundet» er igangsett. Innbyggjarundersøking i dei to kommunane syner eit stort og klårt fleirtal i begge kommunane for samanslåing

Kommunane Aukra og Midsund har i dag lågt folketal og er sårbare når det gjeld tenesteutøving. Sjølv om ein ny kommune som er slått saman også vil vere liten, vil kommunen ha eit godt økonomisk fundament gjennom m.a. eigedomsskatt. Ein ny kommune vil kunne leggje til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling gjennom meir koordinert arealplanlegging. Ein ny kommune vil betre kunne legge til rette for større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering som vil kunne føre til mindre sårbar tenesteyting til innbyggjarane. Ein ny kommune vil kunne ha ein meir effektiv administrasjon og tenesteyting.

Dei to kommunane er historisk sett i slekt, gjennom m.a. befolkning, kultur, næring, ferdsel, reiseliv og turisme.

1. Mål for kommunen

- Det er eit viktig prinsipp at kommunane er likeverdige partar, og at tenestene skal halde same standard og kvalitet, uavhengig av kor dei er lokalisert.
- Sikre og vidareutvikle teneste til innbyggjarane
- Bygge ein god og positiv kultur basert på felles visjon og verdiar
- Etablere ein berekraftig og økonomisk robust kommune
- Styrke politisk deltaking med aktivt lokaldemokrati
- Etablere ein livskraftig og attraktiv kommune
- Oppretthalde barne- og ungdomsskoletilbodet i heile kommunen, med utbygging av skolen i Midsund
- Barnehage-tilbodet skal ivaretakast og byggast ut i heile kommunen
- Tettstadane i kommunane må styrkast
- Basistjenestene skal være nært der folk bor og kan omfatte:
 - Barnehager
 - Skoler/SFO
 - Hjemmetjeneste
 - Omsorgsboliger
 - Institusjonstjenester
 - Legetjenester
 - Helsestasjon
 - Kulturtjenester
 - Frivillighetstjenester

- Bibliotek
- Svartjeneste for innbyggerne
- Beredskap innenfor tekniske driftstjenester
- Utnytte vegsambandet Kjerringsundet som eit aktivum
- Prioritere gang/sykkelveg og fiberutbygging i heile kommunen
- Vidareføre satsinga på reiselivsprosjektet Øyriket

2. Kommunesenter

Kommunesenteret i den nye kommunen vert lagt til Falkhytten. Kommunehuset på Falkhytten skal innehalde kontor til ordførar og rådmann. Sentrale administrative funksjonar vert lokalisert på kommunehuset.

3. Kommunenamn og kommunevåpen

Innbyggjarane blir involverte i prosessen med å finne kommunenamn og kommunevåpen. Prosessen vert initiert av fellesnemnda (sjå pkt. 4).

4. Politisk organisering

Politisk organisering skal vere basert på formannskapsmodellen. Representasjon i kommunestyret i første periode etter samanslåing bør skje forholdsvis etter folketal. Antal representantar i det nye felles kommunestyret trenger ikkje aukast. Det er lite demokrati i antal medlemmer i seg sjølv: det viktige er at folkevalde organ er tilgjengelige for innbyggjarane, og det kan løysast ved å organisere politikken etter område (kommunedelsutval, el.l.), og gjerne slik at fleire folkevalte enn i dag blir (delvis) frikjøpt.

Det vert oppretta ei fellesnemnd, jf. Kommunelova, som skal ta seg av førebuing av samanslåinga. Nemnda skal bestå av 5 representantar frå kvart kommunestyre.

Det første kommunestyret i den nye kommunen skal ha 23 representantar. Nytt kommunestyre bestemmer talet på representantar i formannskapet.

5. Administrativ organisering

Administrativt må ein legge vekt på ein enkel og kostnadseffektiv struktur, som det står i intensjonsavtalen. Måten administrasjonen organiserast på må speile den politiske organiseringa som blir valt.

Det må utarbeidast ein arbeidsgjevarpolitisk strategi slik at alle tilsette og arbeidstakarorganisasjonane har nødvendig føreseielegheit, både i den vidare prosessen og når det gjeld korleis den nye kommunen vil bli. Denne strategien må også seie noko om kompetanse og kompetansebehov, tenesteyting, etc.

6. Tilsette

Ei viktig målsetjing med kommunesamanslåinga er ein kompetent og effektiv tenesteproduksjon med attraktive og utviklande arbeidsplassar for tilsette. For å nå dette målet vert det avgjerande å utvikle ein løysingsorientert og fleksibel organisasjon. Nedbemanning vert prøvd løyst gjennom omplassering og naturleg avgang. Målet er at ingen skal seiast opp som ein konsekvens av kommunesamanslåinga.

7. Investeringar

I perioden fram til endeleg samanslåing skal dei to kommunane orientere kvarandre så tidleg som mogleg gjennom ei framtidig fellesnemnd om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Dette gjeld prosjekt med ei kostnadsramme på over 5 mill. Informasjon skal kome seinast 14 dagar i førekant av eit eventuelt vedtak i kommunestyret.

8. Økonomi


- Pågåande og planlagde investeringar, jf. økonomiplanane, må sikrast/gjennomførast
- Fond som ikkje har særskilte bindingar går til fellesskapet. Disposisjonsfond frå kommunane går inn i fellesskapet.
- Den nye kommunen er positiv til å støtte eller ev. ta over garantiansvaret for Kjerringsundet på 90 millionar kroner årleg i 20 år. Denne garantien må akseptrast av Stortinget. Det er forventa at ev. endringar av eigedomsskatteregimet i garantiperioden blir kompensert av staten.

Intensjonsavtale mellom kommunane Aukra og Midsund

16. mars 2016

A handwritten signature in blue ink, reading "Bernhard Riksfjord", written over a horizontal line.

Bernhard Riksfjord, Aukra kommune

A handwritten signature in black ink, reading "Odd Helge Gangstad", written over a horizontal line.

Odd Helge Gangstad, Midsund kommune